

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 4 - 2024

Bøverdalen - Lom - Garmo

85. årgang

Informasjon frå kyrkjene i Lom

Kyrkjeblad for Lom

KYRKJENE I LOM

Kontortid kvardagar 10:00-14:00
Besøksadresse: 3. etg. Midtgard
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom

Leiar Lom kyrkjelege råd

Per Morten Mork, tlf. 909 40 635
morkpermorten@gmail.com

Sokneprest

Margit Husevåg, tlf 478 99 763
margit.husevag@lom.kommune.no

Kyrkjevevjerje

Anne Kristin Stenersen, tlf 481 65 527
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjelydssekretær

Guri Husom, tlf. 481 65 528
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjetenar

Jonas Fjeld, tlf. 400 62 194*
jonas.fjeld@lom.kommune.no
Ole Kristian Gråv, tlf. 400 62 194*
*Kontortelefon. Ikkje tilgjengeleg kveld/helg.

Organist

Rasim Ramazanov, 939 30 538
rasim.ramazanov@lom.kommune.no

Kyrkjelydsarbeidar

Endre Skjåk, tlf. 901 35 738
endre.skjak@skjaak.kommune.no

Omvisartenesta

Tlf. 481 65 529
booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

Kyrkjebladet

Konto: 2085 07 11772 (merk «kyrkjeblad»)
Bladpengar pr. år: Innanbygds: 150,-
Utanbygds: 200,- Utanlands: 250,-

Redaksjonsgruppe:

Anne Sulheim, Asta Brimi, soknepresten,
kyrkjelydssekretæren og kyrkjevevjerja

Utforming/sideoppsett:

Mediehuset Fjuken/OØR
Trykk: Dale-Gudbrands Trykkeri as
Tlf. 61 27 73 50 magnus@dg-trykk.no

Framsidedilete: Heidrun Marstein



BLOMEFONDET

Gåver til Blomefondet ved gravferder:

NB! Det er svært viktig at du brukar vippsnummer og kontonummer som står i dødsannonsene, viss ikkje kan namnet ditt havne på feil gåveliste.

Gåver til Blomefondet utanom gravferder:

- **Konto 2085 29 66107**
- **Vipps 533520**

Du treng ikkje skrive kven som gjev gåva. Vi ser namnet på innbetalinga.

MEN! Dersom du gjev gåve frå fleire, eller andre enn deg sjølv, skriv namnet i kommentarfeltet.


Listene vil bli lagt ut i banken som tidlegare, men det er viktig at du overfører pengegåva di innan klokka 11:00 gravferdsdagen slik at du kjem med på lista til dei etterlatte.

I kyrkjeblad nr. 4 i 2017 stod historia om blomefondet vårt som feira 70 år same året. I mange år var det eit blomefond i kvart sokn, men då det eine fondet var omtrent tomt for midlar, vart dei samanslegne til eit fond frå 1. januar 2006. Slik er det framleis.

Er det spørsmål i samband med blomefondet, kan det rettast til kyrkjekontoret på tlf 481 65 527 eller kyrkjekontoret@lom.kommune.no



Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad er 15. feb. 2025.



Prestens tanker

Jeg tenker på dette med å være robust. Det står i viktige dokumenter at skolene skal være «robuste». Mitt inntrykk av skolene i Lom, er at de er nettopp det. Robuste på en slik måte de skal være: at de gjør elevene robuste.

Det er et litt merkelig ord, egentlig, og vi kan lett forveksle det med å være sterk og kanskje til og med litt hard. Og det er kanskje det noen politikere mener, når de skriver at skolene skal være robuste. Da tenker de på tall. Elevtall og summer med shilling. Jeg tenker ikke på tall. Det sluttet jeg i ganske stor grad med som ung økonom, da jeg skjønnte at jeg heller skulle være prest. Det er jeg glad for, og jeg er veldig glad for å være prest akkurat her i Lom.



Jeg er rørt og opprørt av prosessen om den videregående skolen. Rørt av folk her, og opprørt over de med makt. Tall er noe hardt. Vi mennesker er først og fremst myke. Og det er her robustheten kommer inn. For hva er det å utvikle en robusthet som menneske? Jeg tenker at det har med mykhet å

gjøre. Og varme. Det handler om å være så myk at man kan være smidig når det stormer gjennom livet, slik at man ikke knekker. Faste kan og må vi være, men hvis man er beinhard, så knekker man lettere, og det er ikke å være robust. Når vi er myke, er vi også åpne for vår egen og andres sårbarhet. Vi mennesker

Jeg er rørt og opprørt av prosessen om den videregående skolen. Rørt av folk her, og opprørt over de med makt

er sårbare. Vi er avhengige av hverandre, om vi liker det eller ei.

Harald Eia fant ut at den norske av alle verdier, er å være selvstendig. Vi vil klare oss selv. Samtidig gjør vi ikke det. Kanskje er det litt sann at alle vil hjelpe, men ingen vil be om hjelp. Heldigvis trenger vi hverandre, og jeg tenker at det er en form for menneskelig robusthet å tørre å vise det. Hva skulle vi mennesker gjort med vår menneskelighet dersom vi ikke trengte hverandre til noe? Da ville ingen få kjenne at de betydde noe for andre. Vi trenger å bli trengt, vi mennesker. Vi er skapt slik, at vi knyttes til hverandre gjennom avhengighet. Det er livsfremmende å innse dette i eget liv. Vi blir sterkere av å være litt svake. Det er også her, når det skinner litt igjennom at jeg har behov for deg, at kjærligheten oppstår.

There is a crack in everything, that's where the light gets in, sang Leonard Cohen. De små sprekke ved oss, at vi tør å vise at vi er sårbare og ikke er perfekte, er livsnødvendig. Uten våre sprekker, våre skjevheter og småfeil, ser vi ikke hverandre.

Gud som sa: ***lys skal stråle frem fra mørket***, har også latt lyset skinne i våre hjerter. Dette står i Bibelen i 2.Kor 4, og lyset beskrives som en skatt som vi har i leirkrukker. Jeg ser for meg at leirkrukker kan sprekke litt opp, og at det er slik vi kan se det varme lyset fra en annen og bli glad i det. Lyset er et sterkt symbol for håp. Må vi gå julen og det nye året i møte med håp og lys i våre hjerter, som vi er skapt til.

Må en sterk stjerne lyse over Lom, til minne om Jesu fødsel og som veiviser i denne mørke veistrekningen på vei mot lysningen et sted der fremme.

Hausttakk og fireårsbok



På hausttakkemessa dagen etter bakedagen var det utdeling av fireårsbok. Ein fin gjeng hadde teke vegen til kyrkja for å få si eiga kyrkjebok med songar og forteljingar denne dagen. Ungane vart også inviterte fram for å ta del i ein liksomdåp av ei dokke, for å lære litt om kva som skjer i dåpen.

Etter messa vart alle inviterte på kyrjekaffe i kyrkjelydshuset der vi fekk servert ei god og varm haustsupe som femåringane hadde vore med å førebu dagen før.

Ein stor takk til bygdekvinnelaget som stilte opp og pynta fint i kyrkja!



Eit bilete å feste håpet til

Juleandakt 2024

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i», song ein stor himmelhær over verda julenatt, og over det vesle barnet i krubba.

”Å sjå det store i det små» har vorte eit uttrykk for oss, på mange måtar ein klisjé. Men klisjéar held ofte ei sanning. Og er det noko eg har vorte mint på når eg har reist i heile bispedømmet, er det nettopp å sjå det store i det små. I møte med menneske sine liv og lengsler, og behov for tryggleik og fellesskap lokalt, rører vi ved liv, lengsler og behov i verda. I møte med sørgjande som har mist ein av sine kjære, eller i møte med nybakte foreldre, vekkast kjærleiken og omsorga som er universell. Granskar vi mikroorganismar i naturen, eller gler oss over ei bie eller ein blome, får vi samstundes ein glimt av universets mysterium og heile det uendelege kosmos. Eg har lært å sjå det store i det små, fordi Gud kom til verda i eit lite barn. Fordi Gud let seg fødst til jorda. Ordet som vart menneske. Kan du sjå det store i det små?

Ordet skapa lyset den morgonen. Gud sa: «Det skal bli lys!» Og det vart lys! Dette Ordet blir fødd på ny og blir lys som skin i mørkeret, ja, som skin for kvart menneske. Slik opnar evangeliet til Johannes. I kunsten kjem dette til

syne gjennom måleri av Jesu fødsel. Det finst ikkje lys i stallen. Lyset i måleriet strålar ut frå barnet. Og det er dette lyset som skin på alle dei andre i stallen.

På stolte og slitne foreldre. På fattige og litt forskremde gjetarar. På dyr og detaljar i rommet. Det lyser på alt det skapte, og skapar ny verkelegheit. Slik tolkar kunsten den verkelegheita som vert skapt i Jesu fødsel og i Guds kome til verda. «Det som vart til i ham, var liv, og livet var lyset for menneska. Lyset skin i mørkeret, og mørkeret har ikkje overvunne det».

Jula kjem med ei gåve til oss alle. Den kan verke lita og ubetydeleg. Berre ord? – ei forteljing om ein fødsel? Men Jesus skapar ein skilnad. Juleevangeliet gir oss eit bilete å feste håpet til.



Foto: Steffen Laursen

Ser vi det store i det små? Nå som verda feirar jul igjen, møtast vi av evangeliet om nåde, håp og glede. Vågar vi tru det, som gjetarane på markene? Når vi tenner lysa, syng og samlast og et – i kyrkje-rommet og i alle andre rom i høgtida. Over heile verda, der kontrastane er så store at dei nesten ikkje er til å halde ut, og når verkelegheita slår imot oss, ligg det ei bøn og eit levande håp i julefeiringa vår. Eit lys som skin i mørkeret. I Ordet som skapar lyset og livet. I Gud som kjem – får vi også tru.

Ole Kristian Bonden
biskop

Glimt frå tidlegare årgangar

JUL

Bestemor fortel

Jula var likaste høgtida i heile året. Minst ein månad føreåt tok folk til å bu seg. Det var faste skikkar å gå etter. Ein skulle brygge og matstalle, så ein hadde nok heile tida., mest ein månad framover. Kakubrød baka ein så mykje av at ein skulle ha til påske. Ein baka kaku og steikte dei i tørstugu-omnen. Skikk og bruk var at kvar i huset skulle ha eit nytt kledeplagg, slikt som skjorte, trøye eller våttar. Dette tok ein nya av julekvelden, andre julegåver var det ikkje.

Når jule-eftaen kom, var ny ved opplagt, frå golv til tak bak peisen, stugu nyvaska og golvet eine-strått. Alt var ferdig, talglys var støypte, kanskje somme hadde ei lita parafinlampe. Alle måtte vera reinvaska og i penkleda til kyrkjeklokkene ringde høgtida inn. Da stod heile huslyden ute på troppa og lydde i den stille kveld. Så smalt det skott her og der, ein og annan som hadde børse, skaut inn høgtida.

Stilla kom. Ute hekk julebandet til fuglane. Solhov-dagen var omme, og livet gjekk lysare tider i møte. Så gjekk alle inn og sette seg til bords. Maten var mylju, det var sundbrote flattbrød med feitt og kjøt-kraft over.

Enda stod mjølkestellet att i fjøset, etter-

på gav ein krøtera juleforet, — det beste i løa.

Det var ikkje brukt juletre i mi tid. Første juletreet eg såg, var spikra på eine veggen inne, det var ikkje pynt på det.

Når alle hadde roa seg inne, bar det til bords att. Da las mor eller far julebodskapen or Bibelen, og da var det så stilt inne at det knatt ikkje anna enn borte i peisen. Maten var ribbe, lutfisk og gryngraut.

Vi satt oppe til klokka tolv, da gjekk vi alle ned i fjøset og godtala med krøtera og gav dei ottgrim av det beste seterhøyet.

Julenatta skulle alltid eit stort lys eller ei parafinlampe brenne, og maten stå på bordet. Juledagsmorgen skaut folk inn høgtida på nytt.

Om juledagen var det ikkje alle av oss som kom til kyrkja, det var langt og kaldt. Vi som var att, skulle halde oss i ro heime denne juledagen. Det var ein fast skikk. Så vart ein beden bort til grannar og skyldfolk, og desse vart bedne att. Dagane mellom jul og nyttår var klåvå-heilage, etter klokka to var det helg desse dagane.

Vi hadde ikkje julefester eller slike samkomer. Men eg hugsar aldri at tida var lang.

Jo.





I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen: dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde.

Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett: alt var slik som det var sagt dei.

Konfirmanttur til Trondheim



Sundag den 15. september hadde vi presentasjonsmesse i Bøverdalen kyrkje. Heile 27 ungdommar kom og fekk tildelt kvar sin bibel denne kvelden.

Laurdag den 19. oktober var vi klare for konfirmanttur til Trondheim. Fyrste stopp var Eysteinkyrkja på Hjerkin. Der fortalde Endre Skjåk om delar av kongesagaen som er knytt til kyrkja. Vi åt ein matbit før neste etappe.

Vel framme i Trondheim gjekk vi på Vitenskapsmuseet der vi fekk oppleve byen slik han såg ut for 800 år sidan. Vi gjekk innom Vår Frue kirke og tende ljós. Deretter stoppa vi opp ved minnesmerket etter terrorangrepa den 22. juli 2011. Det var gripande å sjå kor alvorlege ungdommane vart når Endre fortalde hendinga denne dato, ein dato vi aldri kjem til å gløyme.

Så var det tid for litt vandring i sentrum på eigen hand. Nokre var på shopping, medan andre handla seg mat på Bondens marked som var til stades i byen denne dagen. Alle kom vel attende til Pilgrimsgarden etter runda i byen.





Laurdag kveld reiste vi til Tyholtårnet for å eta. Der har dei både god mat og flott utsikt.

Sundagen starta med oppsummering om kven som hadde sove mest eller minst, kven som hadde høyr, eller ikkje høyr folk på gangen på natta, eller andre småskumle ting som hadde gått føre seg. Dei kyrkjeleg tilsette vart skulda for å vera dei som gjekk i gangane, men det viste seg nok å vera eit par 14-åringar.

Høgmesse i Nidarosdomen er ein fast post på programmet på desse turane. Dette året fekk vi oppleve tre barnedåpar, og innsetting av feltprest Sindre Gelius Eikje til teneste i heimevernet i Trondheim. Vi fekk óg vera med å feire nattverd. Høgmesse i Nidarosdomen er ei flott oppleving med lyden frå det mektige orgelet og Nidarosdomens guttekor.

Vi sette nasen heimover i fint haustvær, møtte litt regn over Dovrefjell, og kom heimatt med mange gode minne.

Bakedag i Lom kyrkjelydhus



I oktober er det tid for hausttakkefest, og då inviterer vi 5-åringar til bakedag i kyrkejelydhuset i Lom. Fire fine ungar baka nattverdsbrød til gudstenesta dagen etter. Foreldre deltok som gode medhjelparar, og Terje Blakarstugun var som alltid med som lompebakar i den fine kokkehuva si. Alle fekk prøve å baka, og til slutt hadde vi ei triveleg samling rundt langbordet med pølse og lompe, bollar og eplekake.

Innsetjing av ny sokneprest

Den 22. september vart Margit Husevåg innsett som sokneprest i Lom.

Den høgtidelege seremonien vart leia av prost Birgitte Bentzrød.

Etter innsettinga fekk Margit døype to born, Sander og Ingrid. Lomsklangen bidrog med song, og Jeanette Schakenda, Bjørner Husom og Anne-Karin Apalseth spelte flotte fanfarer ved utgangen.

Mange kom til kyrkjekaffe for å feire mottakinga etterpå.

Velkomen til oss Margit!



Helgemesse med ljostenning

I samband med helgemessa søndag 3. november, ynskte vi å invitere folk til å tenne ljøs ved kyrkjemuren ved Lomskyrkja. Dette er ikkje noko vi gjer til vanleg, da vi er redde for brannfaren rundt kyrkja vår. Vi kjøpte difor inn batteriljøs til denne kvelden.

Vi fekk god hjelp av Byggfaglinja ved Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, avd. Lom, som laga stativet vi sette ljøsa i. Vi oppretta Facebook-arrangement om dette, og sette inn

annonse i Fjuken. Bodskapen var at ljøset no kan bli "sløkt" for den vidaregåande skulen vår, og at vi difor ville invitere til å tenne ljøs for skulen og for sorga over å ha mista nokon som står ein nær.

Det vart nok tent om lag 150 ljøs denne kvelden, og mange uttrykte at dette var noko dei sette svært stor pris på. Vi har óg fått attendemeldingar om at folk tykte det var ei svært fin høgtidsstund denne mørke novemberkvelden.



Frå venstre: Jonas Knutsødegård Stenersen, Ola Svare, Torbjørn Moen Helland, Yafiet Michiele og Kristian Rustad

Vil du annonsere i kyrkjebladet?

Kr 1500,- + mva for standard storleik 30x60 mm per år.

Ta kontakt med kyrjekontoret:
guri.husom@lom.kommune.no
Tel. 481 65 528



Foto: Kristbjørn Rossehang

Lomskyrkja:

Eit nasjonalklenodium

av Lom heimbygdslag, Anne Sulheim





Frå restaureringa av Lom stavkyrkje. Bilde frå arkivet til Lom knipsarlag / Visus.

– Lomskyrkja er eit nasjonalklenodium! Dette sa Riksantikvaren i samband med planlegginga av vedlikehald- og restaureringsarbeid i Lomskyrkja i 1973. Riksantikvaren ville nytte høvet til å gjera arkeologiske undersøkingar av grunnen under kyrkja i samband med dette arbeidet.

Restaureringsnemnd

Lom formannskap hadde i 1969 sett ned ei nemnd som skulle sjå på utbetring av Lomskyrkja etter at soknerådet hadde vist til kva som måtte gjerast. Formann i nemnda var Torgeir Garmo. Nemnda såg det som sitt mandat at Lomskyrkja skulle bli best mogleg bevart for dei kommande slekter, og dessutan gjere ho varmare for bruk om vinteren. Vidare skulle nemnda arbeide med å få oversikt over det økonomiske, og søkje om stønad.¹ Dessutan innhenta dei opplysningar frå mange ulike fagpersonar og instansar, og hadde eit tett samarbeid med Riksantikvaren. I og med at kyrkja var freda, var det Riksantikvaren som hadde det avgjerande ordet.

Arbeidet tok til i juni

Torsdag den 14. juni 1973 er ein merkedag i Lomskyrkja si lange historie, skreiv sokneprest Steinar Halset i kyrkjebladet.² Den dagen sette dei nemleg i gang arbeidet i kyrkje. Arkitekt Håkon Christie

skulle leie restaureringsarbeidet og dei arkeologiske utgravingane. Han og medhjelparen frå riksantikvaren merka alt i kyrkja, målte opp, teikna og tok bilete. Dessutan hadde dei sett fastmerke både høgt og lågt på veggane. Benkane skulle ut av kyrkja og golvborda opp. Når arbeidet var ferdig, skulle alt saman inn att og vera slik det hadde vore tidlegare. Kvar benk og kvart golvbord skulle attende på akkurat same plassen. Måtte noko skiftast ut, skulle det merkast og registrerast.

Dyktige handverkarar frå bygda

Riksantikvar Haugli skreiv på førehand: «Det vil trenges 3 trenede snekkere til å utføre arbeidet.» Desse tre vart Kolbjørn Kvålshagen som bas, og i tillegg Arne Kvålshagen og Arne Vangen frå Lom Bygg. På denne tida var Lom bygg nystarta. Elles var det med fleire lokale i arbeidsgjengen i kyrkja. Da dei var godt i gang med arbeidet, sa Håkon Christie i eit intervju at dei hadde med «dyktige håndverkere fra bygda»⁴.

Vi har intervjuet Arne Kvålshagen om arbeidet. Han fortel at det var krevjande å løyse benkane. Dei var festa til golvet med tretappar. Desse måtte dei slå ut, og dei satt godt! Mot veggen var benkane festa med spikar. Der lea dei forsiktig frå lite grann slik at dei



Bak f.v.: Sverre Damstuen, Norvald Marstein, Arne Vangen, Ragnvald Åsen, Arne Kvålshagen og Kjell Andersen.

Fremst f. v.: Nils Strandheim, Kolbjørn Kvålshagen og Gunnar Marstein.

Bilde teke av Kjell Andersen med sjølvutløysar.

fekk ei metallplate ned mellom benken og veggjen før dei heldt fram. Dette gjorde dei for ikkje å setje merke. Dessutan var treet tørt og det kunne fort losne flisar. Det var utfordrande! Ein må ha 'one' når ein driv med slikt arbeid, sa Arne. Benkane bar dei ut. Desse vart køyrt bort og lagra i bygget der El-service er i dag.

Då benkane var fjerna, kunne dei begynne på golvet. Kwart golvbord var nøye merkt. Dei var spikra, og snikkarane måtte løyse golvborda forsiktig. Det var arbeidsamt å få dei opp utan å skade dei. Dette tok si tid! Men da det var gjort, var det klart for dei arkeologiske undersøkingane! Under golvet låg jorda delvis opp langs sidene av sviller, grunnstokkar og bjelkar, og det var nødvendig å senke terrenget noko.

Arkeologiske undersøkingar

Arkeologane grov forsiktig i grunnen under kyrkja. Jorda som skulle fjernast, vart trilla ut og sålda for å sjekke at det ikkje var noko av arkeologisk verdi som vart med ut. Norvald Marstein og Gunnar Marstein var av dei som hadde ut jorda. Dei trilla jorda ut gjennom nordportalen og vidare utanfor kyrkjemuren. Der stod Tor Arne Nyøygard ved såldet.

Vera Henriksen fekk vera med å grave saman med arkeologane. Dei fann mykje spennande m.a. runepinnar og mange gamle myntar. (Meir om funna, sjå: ⁵) I denne artikkelen vil vi ha fokus på restaureringsarbeidet som vart gjennomført.

Lomskyrkja blir opna att av biskop Alex Johnson søndag



Sokneprest Steinar Halset saman med handverkarane og konservator Odd Helland diskuterer maling og pregning av dei nye nummertavlene som kjem i tillegg til dei gamle i Lomskyrkja. Frå venstre: Ragnvald Åsen, sokneprest Halset, Arne Vangen, Kolbjørn Kvålshagen, Arve Vangen og konservator Helland.

Bygdafolket i Lom ser med glede og ikkje så lite spenning fram til gjenopninga av Lomskyrkja søndag.

Er det slutt på vindtrekken som

fekk salmebokblada til å blafrå? Vil det 155 kilowatt sterke varmelegget som kyrkja no har fått, varme og lune slik at det er verande i kyrkja, sjølv når kvikksylvet trugar

med å siga ned i termometerkula?

Da vi var innom kyrkja nyleg var det iallfall varmt og godt der, og slik vil det vel truleg vera på gjenopningsdagen som ser ut til å verta litt av eit storhende i Lom.

Biskop Alex Johnson skal foreta gjenopninga, og han kjem saman med prost Østerås og dei to tidlegare prestane i Lom, prost Gunnar Bondevik og kirkerådsdirektør Georg Hille. Prestane med biskop Johnson i spissen vil gå i prosesjon inn i kyrkja med dei heilage kar og bøker som ei innleiing til gudstenesta.

Det er biskopen som preiker, og prestane les frå skriftene. Etter preika kjem den eigenlege gjenopningsseremonien.

Lom songlag er og med ved gudstenesta. Som prelduim framfører koret og organist Paul G. Lien saman «Intrata Gothica» av Ludvig Nielsen.

Elles framfører koret eit verk av Egil Hovland over salmen «Nu la oss takke Gud». I tillegg til dette vil bygdas eigen meisterspelemann Hans W. Brimi spela fele, og ei blåsergruppe frå skolemusikken spelar.

Etter gudstenesta er alle innbedne til kyrkjekaffe i Lom samfunnshus.



Denne løva som Ragnvald Åsen peikar på, fann Arve Vangen under målingstaket då han dreiv og skrapa måling i Lomskyrkja nyleg. Ho er nok atskillig hundre år gamal.



Ragnvald Asen har skrapa gammel måling og lagt på ny både i tak og vegg m.m. På den kvite spilen til venstre er det ein inskripsjon frå 1786. Riksantikvaren skal sjå nærmare på kva dette kan vera for noe.

Mye arbeid bak restaureringen i Lomskyrkja —

AV ODD BERGDOLMO

«Runde-funn» i Lomskyrkja, skreiv vi i sommar da arkitekt Håkon Christie frå riksantikvaren hadde gjort dei første funn ved utgravinga under kyrkjegolvet. Det blei mange funn, og mange av dei var heilt uventa. Ingen hadde

rekna med å finne over 2000 myntar frå mellomalderen, runepinnar og merker etter gammal husbygging. Alt dette skal vi ikkje kome inn på denne gongen, men heller høre korleis restaureringsarbeidet har gått.

Sokneprest Steinar Halset seier at restaureringsarbeidet og utgravinga blei meir omfattande enn venta. Blant anna var det ikkje rekna med at kyrkja skulle tjærebreast utanpå to gonger. Utgravingarbeidet kom til å bli meir omfattande enn planlagt, og dette førte sjølvstendig også til at det blei mer arbeid med å fylle i jord igjen.

KR 215 000

Sokneprest Halset fortel at han ennå ikkje har fått det fulle og heile oversyn over kva restaureringsarbeidet kjem til å koste. Men, slik det ser ut nå, trur han at overslaget vil halde. Det er på kr. 215 000 og av dette har riksantikvaren innvilga kr. 100 000. Lom kommune har skote til kr. 65 000 og kr. 50 000 må soknerådet dekke.

Alle funn som blei gjort under kyrkjegolvet er ennå ikkje registrert og det er med stor spenning ein kan sjå fram til rapporten frå riksantikvaren.

All måling av veggene i den eldste kyrkjedelen, er skrapa av og vil heretter stå fram som trekvite stavar. Det var grunn til å

vente at det kunne vera dekorasjonar ein og annan stad, men noe slikt fanst ikkje. Det einaste er ei avdekking av ein spil i fronten på orgelgalleriet. Her er det ein svart inskripsjon på kvit botn. Arstalet er 1786 og det er den gongen trulig gjort eitt eller anna ved kyrkja, utan at ein kan lese det av inskripsjonen.

Som sagt var det ikkje måla dekorasjonar under målinga på stavane i den eldste kyrkjedelen. Det einaste ein kan sjå er noen innviingskors. Det er noe som liknar på Korsets kors som er omgitt av ein sirkel.

STOR REINGJERING

Lom kyrkje skal gjenopnast søndag 9. desember, men før denne dagen må det store reingjering til, fortel sokneprest Halset.

Det er mye støv over alt i kyrkja og ein må ta til med reingjeringsarbeidet så høgt oppe som råd er. Trulig blir det støvsugaren som må ta støvet i taket, så langt det er råd å nå til. Seinare må det bli grundig vask.

MYE ARBEID

Det er mannskap frå Lom Bygg

Ål som har stått for snikkararbeidet, og to av desse er Kolbjørn Kvalshagen og Arne Vangen. Det er to flinke handverkarar, og dei fortel at det ligg mye arbeid bak dette restaureringsarbeidet.

Dei gjekk laus på jobben og kasta ut den første kyrkjebenken den 14. juni i sommar. Før denne tida hadde arkitekt Christie med følge teikna opp korleis benkene sto, og korleis golvplankane låg i golvet. Alt som skulle ut av kyrkja var teikna opp og fastmerket sett av over alt, både høgt og lågt på veggane.

Arbeidet med å rive ut inventaret måtte gjerast på ein lempelig måte. Det gamle treverket var tørt, og klippspikaren sat ofte så hardt og vanskelig til at det skulle lite til før treverket revna.

JAGA RIKSANTIKVAREN

Etter at alt inventar, golvplank og åsar var ute og lagra, bl.a. i dei ledige lokala hos Lom Brukskunst, tok snikkarane fatt med det utvendige arbeidet på kyrkja.

Det var stort press på arbeidet i

Fortsettes neste side



Arve Vangen er her i ferd med å sette sprekkar i stav-verket i koret. Tjærebreidd kyrkja. Han har også vore med og



Lom stavkyrkje står fram i fornya drakt både ute og inne. Ved gjenopninga vil biskop Alex Johnson vera til stades. Elles kjem Georg Hille og Gunnar Bondevik som bår har vore prestar i Lom, og prost Østerås til opninga, fortel sokneprest Halset.

Arne Kvålshagen fortel at dei fann mange bein under golvet. I tidlegare tider vart nokre gravlagde under golvet i kyrkja. Det kunne t.d. vera presten og familien hans. I tillegg kunne dei som hadde råd til å betale for det, kjøpe seg plass her. Knoklane som dei fann i samband med utgravinga, var nok frå slike graver. Dei vart samla. Seinare vart dei sette ned under golvet i sakristiet. Ein dag hadde Kolbjørn vore under kyrkja for å gjere noko arbeid. Han kom oppatt lortete og stygg i fjeset. Da sa ein av dei andre: – Nei, sjå! Der kjem ein som har vore ni’der lenge!

Elles sa Arne Kvålshagen at når han tenkte attende på dette arbeidet, såg han for seg dei mumifiserte lika som låg under kyrkjegolvet. I dag var det nesten ei plage for han. Men han la til at elles likte han godt snikkararbeidet i kyrkja. Ein kan ane ei glede og stoltheit over å ha vore med på dette.



Alle bilde over frå opninga etter restaureringa i 1973, fotograf: Erik Grande

Arbeid utvendig på kyrkja

Det var og ein del arbeid som skulle gjerast ute. Sokneprest Steinar Halset skreiv i kyrkjebladet: «Eit spenningsmoment nett no er kven ein skal få til å klatre opp til tårnspiret og feste tauet ein skal bruke til tjærebreinga av dette. Det må vera ein mann med mot, spenst og hovudstyrke.»⁶ Han som kom seg opp og la ein wire med trinse rundt tårnspiret som sikring for tauet, var Erling Kolden. Han var arbeidsleiar i Lom Bygg. Erling gjekk opp i klokketårnet. Her brukte han stige for å komme seg opp og ut av «Styggemannsgluggen». På taket var det frå før festa jernteiner for å koma seg til topps.

Karl Fuglesteg tok på seg å tjærebre kyrkjetårnet. Når han skulle opp, stod det fire- fem karar og heiste han opp. Han sat i noko som likna ei korg. Resten av kyrkja var Arve Vangen stort sett aleine om å tjærebre, fortel Arve sjølv. Han brukte stige. Kyrkja fekk to strøk tjære.

Taket på apsis (det halvsirkelforma tilbygget på koret sin austre vegg) måtte og stellast. Reidar Bakken i Svingen hadde stelt til takspen. Det vart lagt ny koppar og takspen der det trengtest på apsis. Resten av taket hadde vore stelt tidlegare.⁷

Stor pågang av folk som ville sjå

Det stod fleire artiklar i Dagningen i 1973 om arbeidet i Lomskyrkja. I ein av desse fortalde Kolbjørn Kvålshagen at det vart stor pågang av folk, både turistar og bygdafolk, som ville sjå på arbeidet i kyrkja. Dei måtte sette opp sperring for å halde folk attende. Kolbjørn fortalde:

– Det var nå mest Christie og folka hans som brukte kjeften, men ein dag måtte også eg jage ut igjen ein kar. Nei, stopp her. Her kan du ikkje gå nå, sa eg. Det er utgraving her ... Men du forstår denne framande kroppen gjorde meg forundra. Det er riksantikvar Roar Haugli som kjem her, sa han. He, he, så det var nå både første og siste gongen at eg jaga ut folk igjen av kyrkja, ler Kolbjørn Kvålshagen.⁸

Muring av fundament

Da dei var ferdige med dei arkeologiske utgravingane, måtte det murast fundament for dei nye golvåsane. Resultatet vart ein solid og god mur. Ein av snikkarane sa til journalisten:

– Ein skulle tru at dette var eit grovarbeid som ikkje kravde så mykje omtanke. ... Eit slik gammalt kyrkjebygg er både skakt og rangt på mange måtar, og det måtte ein ta omsyn til ... Det var om å gjere å kome opp i rett høgd igjen når golvplanken kom på plass. Det var stutt sagt eit vanskeleg arbeid som kravde både omtanke og flid.

Varmare kyrkje

Det var eit klart ynskje å få kyrkja varmare. Eit tiltak var at dei la eit nytt golv (stubbelloft) under det gamle. I Dagningen kunne ein lesa: «Det nye golvet var noko heil anna enn det gamle. Sjølv sagt er dei gamle golvplankane dei same, men under desse ligg ei ny tid. Impregnerte åsar, steinullmatter og elektriske leidningar ...» Dette skulle m.a. gje betre isolasjon. Dessutan vart veggane spunsa og tetta. Det var sagt at kyrkja hadde vore så utette at flagget vaia sjølv om det nesten var vindstille ute. Sprekkane i veggane tetta Arve Vangen med tjæredrev, som er eit slags laust tvinna tau av linfiber innsett med tjære. Elles vart det lagt isolasjon på alle flattaka.

I tillegg var det behov for eit betre varmeanlegg. Det vart diskutert fleire ulike løysingar og innhenta opplysningar frå ulike fagpersonar. Nemnda enda opp med at det skulle monterast nye varmeelement under benkane. Dette skulle vera betydeleg sterkare og ha fleire styrketre enn det gamle. Eit nytt anlegg ville dessutan vera langt meir brannsikkert. Det var Eidefoss som fekk i oppgåve å installere dette.

Måling eller ikkje?

Elles var det grå måling på veggane i kyrkja som hadde begynt å flasse av. Noko hadde til og med falle ned i orgelpipene og skapt «disharmoni», vart det sagt. Det vart diskutert om målinga skulle stellast eller fjernast. Fleire fagfolk vart spurde. Reidar Nyrnes meinte at det var ein fordel om veggane var utan måling. Då ville dei verke som ein regulator om det oppstod fukt i kyrkja. Riksantikvaren meinte at ved å fjerne målinga på veggane i hovudskipet, ville den eldste delen av stavkyrkja vera meir einsarta, - slik ho truleg var frå starten. På den måten fekk ein tydelegare fram den opphavlege delen av stavkyrkja. I sideskipa og tømmerdelen tilrådde han å la den gamle målinga vera. Da fekk ein markert at dette var tilbygg. Slik vart det! «All måling av veggane i den eldste kyrkjedelen er skrapa av og vil heretter stå fram som trekvite,» fortalde Halset til Dagningen.

Ragnvald Åsen og Nils Strandheim hadde ansvar for målingsarbeidet. Fyrst var det ein del som måtte skrapast. Både Liv Ofigsbø og Arve Vangen fortel at dei var med på å skrape stolpane. Målinga sat godt og det var seint og krevjande arbeid. Målinga i sideskipa og tømmerdelen vart restaurert, og i tillegg målinga på galleria, glaskledningane og benkane.⁹

Gjensidig respekt

Vi har hatt ein prat med nokre av dei som var med på restaureringa for over 50 år sidan. Dei gjev inntrykk av at dette arbeidet var spennande, utfordrande og artig. Ein anar ei glede og stoltheit hjå fleire. Dei



fleste som var med, er sjølv sagt borte no. Ein av desse er Kolbjørn Kvålshagen. Når ein prata med han på hans eldre dagar, var det tydeleg at han og hadde glede av å ha vore med på dette arbeidet. Dessutan får ein inntrykk av gjensidig anerkjenning frå Håkon Christie og dei lokale handverkarane. Arve Vangen fortel at Christie ei tid etterpå tok kontakt og kom på besøk hjå faren.

Gjenopning av kyrkja

Det vart planlagt ei markering i samband med den fyrste gudstenesta etter restaureringa. Den skulle vera 9. desember 1973. Men fyrst måtte kyrkja reingjerast. Det var mykje støv der. Halset uttala til avisa at ein må støvsuge så langt det er råd å nå. Etterpå må ein i gang med vasking. Liv Ofigsbø var med på dette. Ho hugsar det slik at det var ein heil gjeng med kvinnfolk som var med.

Biskop Alex Johnson skulle vera til stades på den fyrste messa. Det var ein regel som sa at når altaret hadde vore flytt, skulle kyrkja gjenopnast av biskopen, fortalde Halset. Fleire prestar, prosten og andre gjestar var inviterte. Håkon Christie og kona takka ja til å kome. I tillegg vart dei som hadde vore med på arbeidet i kyrkja inviterte. Soknerådet bad alle gjestane og heile kyrkjelyden på kyrkjekaffi i

samfunnshuset etter messa. Det var musikkinnslag ved lokale krefter både under messa og samlinga etterpå, - m.a. ved songlaget, skulekorpset og Hans W. Brimi. -Arve Vangen fortel at da han hadde funne seg ein plass ved eit bord, kom det ein og sette seg ved sidan av han. Det var Einar Gerhardsen.

– Det er einaste gongen eg har tala ved han, fortel Arve.

Arne Kvålshagen har eit anna minne frå den dagen. Han fortel at dei måtte ta drosje til kyrkja. Det var nemleg oljekrise og dette var fyrste helga med køyreforbod. Vi reknar med at det var fleire enn Arne dette skapte problem for.

Lomskyrkja

Arkitekt Håkon Christie skreiv ein artikkel om dei arkeologiske funna som var gjort under Lomskyrkja i 1973. Som innleiinga til denne står det: «Lom kirke ... er en av våre store stavkirker, en praktbygning som bærer preg av å være en viktig kirke. Meget taler for ... at Lom kirke hadde rang fremfor de andre kirkene i øvre Gudbrandsdal og at den fungerte som hovedkirke her oppe.»¹⁰

¹ Kommunen, soknerådet og staten gav økonomisk stønad.

² Kyrkjeblad for Lom, juni 1973

³ Brev av 21.05.1973

⁴ Nordisk Tidende 06.09.1973

⁵ Henriksen V. og Kolden A. «Lom stavkirke», 2000, og Artikkel av H. Christie i Årbok (Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring). 1978

⁶ Kyrkjeblad for Lom, juni 1973

⁷ I 1933 var ca. 91 m² av taket fornya. I 1956 tok dei resten av taket over skip og tverrskipa. Taktroa vart reparert og tekt med ny takspen. Opplysningar frå J.P. Kveen, Skjåk, arkivet hos Riksantikvaren.

⁸ Dagningen 01.12.1973

⁹ Orientering frå restaureringsnemnda 22.01.1971

¹⁰ Artikkel av H. Christie i Årbok for Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring, 1978




Frå restaureringa av Lom stavkyrkje, kister under golvet. Bilde frå arkivet til Lom knipsarlag / Visus.

Kyrkjegardsvandring



Den 30. november hadde trusopplæringa kyrkjegardsvandring ved Lomskyrkja, der alle 11 og 12-åringane våre var invitert. Nesten 30 frammøtte tok del i opplegget med oppdagingsferd på kyrkjegarden. Vi hadde også ei fin samtale omkring døden og gravferder og fekk høyre litt meir om

kvifor kyrkja feirar allehelgensdag og kva som er skilnaden på den og halloween. Kvelden vart avrunda med servering av lademjolk, kake og godteri – og spøkelseshistorier. Dette har vorte ei svært populær samling, og det er gledeleg å sjå at så mange møter opp.





Pepparkakekyrkja

Dette bilete har vi fått tilsendt frå nokon som må vera veldig glad i kyrkja vår.

For eit arbeid med å lage denne pepparkakekyrkja!

Vi skulle gjerne fått takka den som har laga kunstverket og sendt oss dette bilete.

Kyrkjebladet og vidare finansiering

Vi er takksame for alle gaver vi får til kyrkjebladet, men frå og med 2024 må vi delfinansiere produksjonen med annonseinntekter.

Vi har fått auka produksjonspris det siste året som fylgje av overgang til postdistribusjon. Dessutan er ikkje Lomsnytt ein del av bladet lenger, og vi får ikkje hjelp av Lom kommune til å setje opp bladet. Av den grunn kjem vi til å kjøpe denne tenesta frå Mediehuset Fjuken.

Vi vonar de vil ta vel imot bladet sjølv om det kjem med annonsar.

Gravferdshjelpa Lom og Skjåk

Gravferdshjelpa ynskjer å gje
**TILLIT - OMSORG -
TRYGGLEIK**

Eg kan hjelpe dykk med
alt vedrørande gravferder
og kremasjon.

Anne Sperstad
mob. 95 72 36 71



Ottadalen Mølle
Alltid der for deg



STOKK & STEIN

2686 Lom Tlf. 90860858 www.stokkstein.no



Nyttårskonsert i Garmo kyrkje

Onsdag 1. januar kl. 19:00

Velkomne til fortsetjinga av ein årleg tradisjon med konserten «Vi lyser i stille grender»

Iselin Aukrust (vokal og fele), **Lasse Tronstad** (trompet og bukkehorn), **Vemund Olav Aukrust** (orgel), **Vegar Vårdal** (fele), **Martin Steinum Brun** (vokal), **Rasim Ramazanov** (piano) og **Endre Skjåk** (tekst) har sett saman eit program i spennet mellom klassisk og folkemusikk. Her vert det både kjende julesongar og klassiske perler.

Billettpris: kr. 350,-

Førehandssal og sal i døra til Vipps:941609
(Barn under 18 år gratis)

Arrangør: Skjåk kyrkjelege fellesråd og Lom kyrkjelege råd

A poster for a Christmas concert. The title "Julekonsert" is written in a large, elegant script. Below it, there are three circular portraits of the performers: Lise Kjørven, Rune Kjørven, and Reidar Svare og Gjelling-Ljømen. To the right, a dark box contains the date and time: "Tysdag 10. desember kl. 19.30 Garmo kyrkje". At the bottom right, there is a list of ticket prices: "Billettsalg i døra Dørene opnar kl. 18.45 Voksen: 250,- Born u/15 år: 100,- Vi har VIPPS". The background is a deep red with hanging Christmas ornaments and a musical staff with notes.

Heim og ætt

Døypte:

Lom:

22.09 Sander Foss Frøise

22.09 Ingrid Solbakken Steinehaugen

10.11 Emil Husom

10.11 Amalie Forberg Øverli

10.11 Eirik Berstad Sandviken

10.11 Jakup Midtli Gjeilo



Jordfesta:

Garmo:

26.09 Marit Nyøygard f. 1929



Lom:

26.09 Sylfest Magne Austin f. 1936

22.10 Roger Skjedsvoll f. 1977

05.11 Melvin Aaboen f. 1935

08.11 Arne Sveine f. 1940

Bøverdalen:

08.10 Magnhild Kjerstadmo f. 1942

Vigde:

Lom:

21.09 Ingvild Visdal Aukrust og Syver Ole Eggen



Varmeomnane er slegne på i kyrkjene



Med vinter og kulde ute set vi på elektrisk varme i kyrkjene våre, og omnane er varme!

Vi vil difor be dykk alle om å passe godt på så det ikkje kjem klede eller sko/såler innpå omnane.

Om kyrkjebladet

Kyrkjebladet vert sendt ut til alle husstandar i Lom kommune. Bladet kjem ut med fire nummer i året. Ein gong i året vil de finne giro vedlagt for bladpengar, og vi oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Bøverdalen, Lom og Garmo.

Vi ynskjer å seie tusen takk til kvar einskild som støttar bladet!

Vi set stor pris på at mange som bur utanfor bygda abonnerar på bladet. Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår på side 2.

Hugs berre å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt, og betalaren får ikkje blad i postkassa.

Levande ljøs

Bruk av pynt og levande ljøs på kyrkjegardane:

Vi er stolte av dei vakre kyrkjegardane i Bøverdalen, Lom og Garmo. Og folk er flinke til å pynte på gravene. Om vinteren ynskjer mange å pynte med ljøs, men vi lyt minne om at det ikkje er høve til å nytte levande ljøs eller noko som helst med open flamme på våre kyrkjegardar. Alternativet er å nytte lykter som går på batteri. Vi vil også minne om at pynt til jul på gravene lyt fjernast att når jula er over.

Særskilt julepynt som ikkje er teken bort frå gravstadene, kam kyrkjegardsarbeidarane utan varsel fjerne etter 20. januar.

Vinterdekorasjonar elles skal festaren syte fot vert rydda seinast 1. mai, jf. Kyrkjegardsvedtektene.



Messeplan

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i kyrkjene i Lom, er det oftast messe i ei av kyrkjene i Skjåk – og omvendt. Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.

Sundag 01.12. LOM KYRKJE kl. 15:00
Ljosmesse med utdeling av kalender til 3-åringane.
Konfirmantane deltek med ljostenning og tekstlesing.
Offer til Kirkens Bymisjon
Etter messa vert det fakkeltog.

Sundag 01.12. BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00
Ljosmesse. Konfirmantane deltek med ljostenning og tekstlesing.
Offer til Kirkens Bymisjon
Etter messa vert det fakkeltog til Boomerstugu, der Bygdalaget held kaffebita.

Sundag 08.12. GARMO KYRKJE kl. 19:00
Ljosmesse. Konfirmantane deltek med ljostenning og tekstlesing. Offer til Frelsesarmeen.

Sundag 15.12. LOM KYRKJE kl. 19:00
Musikkmesse

Sundag 24.12. LOM HELSEHEIM kl. 11:00.
Juleftasmesse

Sundag 24.12. Juleaftan LOM KYRKJE kl. 15:00.
Familiegudsteneste. Offer til Kirkens bymisjon

Måndag 25.12. GARMO KYRKJE kl. 11:00.
Juledagsmesse. Offer til Frelsesarmeen
BØVERDAL KYRKJE kl. 14:00. Juledagsmesse.
Offer til Frelsesarmeen

Onsdag 01.01. GARMO KYRKJE 19:00
"Vi lyser i stille grender" Felles nyttårs-konsert-messe med Skjåk.

Sundag 19.01.
• BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00.
• GARMO KYRKJE KL. 19:00

Sundag 26.01. LOM KYRKJELYDSHUS kl. 11:00.

Torsdag 06.02. VÅGÅ KYRKJE KL. 18:00
Markering av Samefolkets dag

Sundag 16.02.
• GARMO KYRKJE kl. 11:00. Offer til Bibelselskapet
• BØVERDAL KYRKJE KL. 19:00 Offer til Bibelselskapet

Sundag 23.02. LOM KYRKJELYDSHUS kl. 11:00



Scan QR-koda med mobilen
for å få messeplanen!

